

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 19.05.15

Vår ref. 538 /15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 2015/4675 432.1

Fylkesmannen i Hordaland  
Miljøvern- og klimaavdelinga  
Postboks 7310  
5020 Bergen

e-mail

## **HORDALAND, YTRE HARDANGERFJORD, KORSFJORDEN OG LUREFJORDEN – MELDING AV OPPSTART AV VERN FOR TRE MARINE OMRÅDE**

Viser til dykker brev av 26.03.15 om saka, som er «oppstart av arbeidet med å vurdere tre område i Hordaland som marine verneområde etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltningslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjoner.»

I høve § 39 (marine verneområder) kan verneføremålet «omfatte verdiar knytte til sjøbotnen, vassøyla, overflata eller ein kombinasjon av desse. I marine verneområde er det særleg viktig å unngå inngrep som kan påverke sjøbotn, vassutskifting og straumtilhøve i nemneverdig grad, sidan desse er avgjerande for kva artar og naturtypar vi finn i områda.»

Det blir informert om at «Eit vernevedtak er ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Grensa går i hovudsak «utanfor privat grunn (dvs. marbakken, 2 meters djup).» Der det er verneområde ned til sjø/ut i sjø, går vernegrensa for marint vern inntil eksisterande vernegrenser.



Kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde, fiskeområde og all vår havbruksverksemd ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som er avgjerdande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

På bakgrunn av dette kan det vere positivt at eit naturområde blir verna frå store inngrep, inkl. utslepp. Ein vil presisere at **ein meiner at bruk av området, som oftast er det beste vern.** Spesielt når det gjeld fiskeri, som har føregått i området i generasjonar. Det samsvarer òg med, slik det står i brevet, at «Hausting av naturlege bestandar på ein berekraftig måte vil ikkje bli forbode gjennom vern.»

Fiskarlaget Vest meiner at når det gjeld tekniske inngrep som t.d. kai, må det vurderast i kvart einskild tilfelle kva påverknad det vil ha på verneverdiane.

Det står i skrivet at ein skal kome tilbake til restriksjonsnivå på eit seinare tidspunkt.

Fiskarlaget Vest vil allereie no gje klår melding på at ein **ikkje kan godta restriksjonar på berekraftig fiskeri i dei ulike områda.** Det gjeld både passiv reiskap (garn/ruse/teine/line) og aktiv reiskap (not/snurrevad/reketråling).

Det kan nemnast at reketråling føregår på blaut botn, og den blå åkeren må harvast på lik linje som den grøne åkeren for at det skal bli ny «avling».

Det er ikkje «det store» fiskeriet i dei ulike føreslegne områda samanlikna m.a. med torskefiskeriet i nord, men området er svært viktig fiskerimessig for dei det gjeld.

Ein kan nemne at mange fiskarar her sør driv eit fiskeri på mange ulike artar til ulike tider på året. Kvar av «brikkene» er viktige i «puslespelet», for å få det til å gå rundt økonomisk.

Ein meiner at sjølv om området blir verna, dvs at ein skal «unngå inngrep som kan påverke sjøbotn, vassutskifting og straumtilhøve i nemneverdig grad», og det ikkje blir restriksjonar for fortsatt fiske, kan ein bruke kandidatområda som referanseområde for overvakning, forsking og undervising knytt m.a. til klimaendringar, introduserte artar, forureining, fysisk påverknad eller hausting av levande ressursar.

Det er positivt at Fylkesmannen vel å «invitere alle partar til å delta i den vidare prosessen med å lage eit høyringsutkast til verneområde.»

Fiskarlaget Vest meiner at det er spesielt viktig at brukarane av områda som er tenkt verna, får vere med under heile prosessen, då spesielt næringsutøvarane.

#### Korsfjorden

Totalarealet på kandidatområdet er om lag  $210 \text{ km}^2$ , og ligg i ytste del av Korsfjorden og strekk seg eit stykke langs kysten, til Tælavåg i nord og rundt Stora Kalsøy i Austevoll i sør.

Grensa går ved 2 m djup til holmen Eldjarnet aust for Skorpa i Austevoll i sør og aust til Håkonsund ved Forlandsvågen i Sund, kote på 100 m djupne i Korsfjorden til nord for Little Laugarøy i Austevoll og over i ei rett line til sør for Skorpo i Os kommune.

Austefjorden aust for Toftøy og Pollen til Porsvika i Sund er ikkje med i verneforslaget.

Hovudelementa er at dette er «eit variert kystområde med stort mangfald i naturtypar og betydeleg variasjon i undersjøisk topografi. Dette gjer at området er særleg rikt på marine organismar.»

«Skjærgården vest for Sotra har ein del grunne parti...uvanleg gode førekomstar av stortare og skjelsand. Tareskogen er eit veldig viktig leveområde for ein heil rekkje marine artar.»

«Korsfjorden har rike fiskeområde som blir nytta både til næringsfiske og fritidsfiske...Fisket føregår heile året, med reiskap som garn, line og ruser...hovudsak kystfiskarar frå Sund, Austevoll og Os som nyttar fiskefelta her, men det kjem også båtar frå Sunnhordland.»

Nokon av artane som blir fiska er sild, makrell, pale, breiflabb, leppefisk, sjøkreps, reke.

Det står at «Vest av Golta i Sund og sør for Marsteinen i Austevoll er det to felt kor det blir tråla etter reker...Områda er lite i bruk i dag. Begge desse rekefelta er føreslått som referanseområde for kystreke gjennom verneplanen.»

I den samanhengen vil ein opplyse om at rekebestanden varierer frå tid til anna, men ein ser no ein positiv trend i Nordsjøen, som ein også håpar skal «slå til» langs kysten om ikkje andre miljøtilhøve gjer at det ikkje skjer.

Varierande bestand, og antal reketrålarar, påverkar også sjølvsagt hyppigheten av bruk av felta.

Ein ser positivt på at tang-, tare og skjelsandområda fortsatt ikkje skal bli hausta i kandidatområdet.

#### **Ytre Hardangerfjord**

Kandidatområdet er om lag  $83 \text{ km}^2$ , og inkluderer kommunane Tysnes, Stord og Kvinnherad.

«Terskelen til Hardangerfjorden er ein stor morene som strekk seg frå sørspissen av Huglo og til øya Hille vest av Halsnøy. Over ein slik terskel er det sterkt straum som gjer gode næringstilhøve og eit rikt og mangfaldig dyreliv...Moreneryggen er ein israndavsetnad frå siste istid og han er stor i nasjonal målestokk.»

Nokon artar som blir fiska i området er brisling, torsk, breiflabb, lyr, sei og leppefisk.

«Fisket føregår heile året, med reiskap som garn, line og ruser.»

I brislingfisket blir det nytta not, og i leppefisket blir det nytta teiner, i tillegg til ruser.

#### **Lurefjorden og Lindåsosane**

«Kandidatområdet omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane innafor kommunane Lindås, Radøy og Austrheim... om lag  $70 \text{ km}^2$  stort.

...Lurefjorden og Lindåsosane er eit spesielt marint fjord- og pollysystem i ytre kyststrok...ein mengde tronge terskelopningiar der ein får sterke tidevassstraumar...utvekslinga av det tyngre vatnet i djupvassbassenga i Lurefjorden blir avgrensa...stort nok til å hindre at vatnet stagnerer.

...dei smale sunda (i Lindåsosane) dempar tidevassforskjellen til 1/3 av forskjellen utanfor...utskifting av bassengvatnet tek lang tid...Lindåsosane har blant anna ein eigen sildestamme som lever heile sin livssyklus inne i pollysystemet. ».

Når det gjeld fiskeri i området har ein m.a eigen sildestamme (lokal regulering), torsk, lyr, sei, hyse, reke, brisling og makrell.

Bruken av reketrålfelta varierer nok her òg. Ein viser elles til merknaden under «Korsfjorden» når det gjeld reke.

**Om det under noko omstende blir snakk om forbod for fiske innafor kandidatområda tar ein det som ein føresetnad at saka vil bli grundig diskutert med oss.**

På noverande tidpunkt har ein elles ikkje merknader til verneforslaget.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle  
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Styret i Fiskarlaget Vest  
Lokallaga i Hordaland  
Fiskeridirektoratet  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Kvinnherad kommune  
Tysnes kommune  
Stord kommune  
Austevoll kommune  
Sund kommune  
Os kommune  
Bergen kommune  
Radøy kommune  
Lindås kommune  
Austrheim kommune